

Keivhendt slo eg naudeld ny
Tok skire eldfjom frá skogar ni
Torsdagar tri naudrett eg snur
Ni gonger ni kring min stav

Keivhendt legg oska i fotefar
Fylgjer rangt vislar deg heim
Ham til hug heim til hug
Or vilsa dreg

Keivhendt slo eg naudeld ny
I ni slag lauv
I ni slag staur
I knoklar ni

Tok skire eldfjom frá skogar ni
Vert heil i hud
Heil i ham
I heilbrigdi står

Torsdagar tri naudrett eg snur
Ni gonger ni
Kring min stav
For á skilje og sjá

Keivhendt hausta meg ni slag lauv
Søydar i vatn
Frå ái - den álar seg
Nord og ned

Keivhendt legg oska i fotefar
Fylgjer rangt
Vislar deg heim
Ham til hug
Heim til hug
Or vilsa dreg
Tri gongar tri
Rangsoles vrir
Tri gongar tri